

Radøy kommune

Saksframlegg

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 049/2018 | Formannskapet i Radøy | PS | 04.09.2018 |

| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|---------------|--------------|--------------|
| Jarle Landås | 18/132 | 18/11840 |

Tilskot til 17. mai-feiring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I 2018-budsjettet har kommunestyret lagt inn 50 000 kroner som tilskot til 17. mai-komiteane i Radøy. Formannskapet gjorde 25. januar drøfta prinsippet for fordeling av midlane, og det vart gjort følgjande vedtak.

FS – 05/2018:

I Radøy kommune sitt budsjett for 2018 vart det sett av kr 50 000 i tilskot til 17. mai-komiteane, og i formannskapsmøte 25. januar sak 005/2018 vart det gjort vedtak om korleis desse midlane skulle fordelast og nyttast:

Midlane til 17. mai-nemndene er ei eingongsløyving som skal brukast til kjøp av nødvendig utstyr til 17. mai-arrangement.

Tilskotet på kr 50 000 som i budsjettet for 2018 er sett til fordeling mellom 17. mai-komiteane vert fordelt på følgjande måte:

Austebygd skule kr 5 600

Hordabø skule kr 12 100

Manger skule kr 21 050

Sæbø skule kr 11 250

Løyvinga vil verta utbetalt etter framviste kvitteringar.

Formannskapet har gjort det klart at tilskotet skal nyttast til investering i nødvendig utstyr til 17. mai-arrangement, og midlane at midlane skal utbetalast etter at kommunen har fått dokumentasjon på kostnader.

I møte 7. juni drøfta formannskapet ein søknad frå FAU ved Sæbø skule om støtte til innkjøp av utstyr til 17. mai-feiring i krinsen. FAU har i tillegg til nytt utstyr også kjøpt brukt utstyr frå Sæbø skulemusikklag – som tidlegare har hatt ansvar for gjennomføringa av 17. mai-feiringa.

Formannskapet konkluderte med at søknaden om tilskot til kjøp av brukt utstyr frå Sæbø skulemusikklag ikkje er i samsvar med intensjon og vedtak om bruk av tilskotsordninga.

I formannskapet kom det fram ulike tilbakemeldingar frå 17. mai-komiteane på nyetablerte tilskotsordninga. Nokon gir uttrykk for at dei har behov for driftstilskot, andre meiner støtte til innkjøp av utstyr er ei god ordning.

Formannskapet konkluderte med at denne saka vert tatt opp på nytt til hausten.

I ettertid har FAU ved Sæbø klagt på avgjerda i formannskapet om ikkje å gje tilskot til kjøp av utstyr frå Sæbø skulemusikklag:

Formannskapet har gitt uttale at "søknaden om tilskot ikkje er i samsvar med bruken av tilskotsordninga". Dette kan me ikkje forstå kvifor den ikkje er i samsvar. Me har kjøpt utstyr frå Sæbø skulemusikk for å bruke det på 17.mai-arrangement. Det å kjøpa noko som er brukt må vel vere ein fordel i desse "miljøtider" med tanke på gjenbruk. Dette er nødvendig utstyr som me har kjøpt for å kunne arrangere den "store dagen".

Me vil ha ei grundigare forklaring vedrørande vedtaket i formannskapet, dette kjem ikkje tydelig fram av saksdokumentet.

Rådmannen legg saka fram for formannskapet utan framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Formannskapet i Radøy - 049/2018

FS - handsaming:

Formannskapet drøfta tilbakemeldingar med tilskotsordninga til kjøp av utstyr til 17. mai-arrangement i krinsane. FAU ved Sæbø skule har overtatt brukt utstyr frå Sæbø skulemusikklag, og har søkt om å få denne investeringa dekkja gjennom tilskotsordninga.

Formannskapet har tidlegare påpeika at tilskot til kjøp av brukt utstyr, som i dette tilfelle frå Sæbø skulemusikklag til FAU ved Sæbø skule, ikkje er i samsvar med intensjonen med ordninga, og det kom også til uttrykk i dette møtet.

Else Marie Dale Skartveit (KrF) meiner det må vera fornuftig å gje tilskot også til kjøp av brukt utstyr. Formannskapet konstaterer at retningslinene kunne vore tydelegare.

Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg:

FAU ved Sæbø skule får 5000 kroner i tilskot til kjøp av brukt utstyr.

Framlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

FAU ved Sæbø skule får 5000 kroner i tilskot til kjøp av brukt utstyr.

Vedlegg:

Tilskot til 17. mai-komiteane - vedtak i FS 25. januar 2018

Klage på avgjerd

Vedk. tilskot til 17. mai-komiteen på Sæbø